

Barnehagemiljø

1.januar 2021 fekk barnehagane nye lovkrav gjennom §41, §42 og § 43 i Lov om barnehager.

Dei nye lovkrava skjerpår og konkretiserer korleis vi skal arbeida med dette. Lovkrava pålegg oss å arbeida førebyggjande for at alle barn skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Det skal opplevast trygt å gå i vår barnehage!

Nokre barn kan ha ein særskilt sårbarhet som gjer at dei er meir utsette for å koma i ein situasjon der dei ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Det er særleg viktig å kartleggja kven dei sårbare barna er, og å sørga for å vera i forkant før ein situasjon oppstår.

Lova pålegg oss: fylgja med, gripa inn, melda ifrå, undersøkja, setja inn tiltak

1.Fylgja med og fanga opp.

Alle tilsette har plikt til å fylgja med på korleis barn har det og fanga opp det som skjer. Barnehagen må arbeida aktivt og systematisk for å sikra seg at barna i barnehagen har eit trygt og godt barnehagemiljø.

2.Gripa direkte inn

Alle tilsette har plikt til å gripa inn for å stoppa negativ adferd eller krenkingar frå andre barn eller frå vaksne. Ved å korrigera eller rettleia barn og vaksne.

3 Melda ifrå

Dersom tilsette frå mistanke om, eller kjennskap til at eit barn eller ei barnegruppe ikkje har eit trygt og godt miljø, skal ein varsla styrrar.

Barnehagen har ei skjerpa aktivitetsplikt dersom ein tilsett krenkar eit barn, og styrrar skal då melda ifrå til barnehageeigar.

4.Undersøkja

Barnehagen har plikt til å undersøkja saker så fort som muleg. Å finna ut kva som ligg bak, og om barnehagen treng å setja inn tiltak.

5.Setja inn tiltak og evaluera

Dersom ein har bestemt å setja inn tiltak i ei sak, skal barnehagen laga ein skriftleg plan. Den skal seie noko om tiltak, gjennomføring og evaluering.

Barn og foreldre skal så langt det er muleg, vera involverte i utarbeiding og evaluering av planen.

Bakerst i denne planen ,ligg ; Meldingsskjema

HOVEDMÅL:

UNDHEIM BARNEHAGE HAR NULL TOLERANSE OVERFOR KRENKINGAR OG MOBBING

DELMÅL

Alle tilsette i Undheim barnehage skal arbeida aktivt for å oppretthalda eit trygt og godt oppvekstmiljø i barnehagen.

Alle tilsette skal ha ei felles forståing for kva mobbing og krenkingar er

KVA ER KRENKINGAR

Krenking er ein eingongshendelse, kan vera dytting, slåing, sei stygge ting, negative kommentarar, riving i klær eller i hår.

Dette kan førekoma i leiken , og vert oftast ordnast oppi .

Eks: Når eit barn seier eller gjer noko og ser at den andre vert lei seg, og så stoppar adferden og eller kommentarane, er det ikkje mobbing.

Men dersom barnet utnyttar sårbarheten /gråten, og fortset si adferd igjentatte gonger, og over tid, er det mobbing.

KVA ER MOBBING

Mobbing er når ein person eller ei gruppe personar gjentatte gonger, og over tid, plagar eit eller fleire offer og det er skjeivt maktforhold mellom dei som mobbar og dei som vert mobba.

Mobbinga kan arta seg som fysisk/ psykisk plaging, trakassering, trusler, erting, negativ omtale / tiltale, utestenging og eller ignorering **over tid**.

MÅL FOR BARNEHAGEN SITT ARBEID MOT KRENKINGAR OG MOBBING

- Alle skal ha rett til eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og mestring.
- Skapa eit barnehagemiljø med nulltoleranse mot krenkingar og mobbing både blant barn og vaksne.
- Auka personalet si kunnskap om førebygging og håndtering av krenkingar og mobbing i barnehagen
- Få til eit konstruktivt samarbeid med foreldrene for å skapa eit inkluderande miljø.

DETTE ØNSKJER VI FOR BARNNA I BARNEHAGEN VÅR

- At vi har eit miljø der alle vert møtt med varme, anerkjenning og oppmuntring, slik at ein opplevar seg sjølv som verdifull, og som ein del av fellesskapet.
- At alle har venner og nokon å leika med.
- At alle skal oppleva glede og trygghet i barnehagen.
- At vi har eit oppvekstmiljø som styrkar barna si sjølvkjensle og gjer dei godt rusta til å møta verda utanfor barnehagen.
- At alle vaksne bryr seg og handlar om dei oppdagar eller høyrar om nokon som vert krenka eller mobba.
- Personalet skal vera bevisste på sitt ansvar om å førebyggja og setta inn tiltak mot krenkingar og mobbing i barnehagen.



**voksne skaper
vennskap**

FORSLAG TIL FØREBYGGJANDE ARBEID:

- *Dei vaksne er fysisk og psykisk tilstades i leik og aktivitet
- *Ha stort fokus på vaksenrollen. Vera aktive og tydelege vaksne.
- *Reflektera over eigne haldningar og handlingar.
- *Arbeida med tema vennskap, og god trivsel
- *Observera og reflektera over miljøet i barnegruppene og barnehagen som heilhet - jamnleg på avd.møter og pers.møter.
- *Tileigna oss kunnskap om korleis fremja sosial kompetanse.
- *Ha samtalar med barna, helst i små grupper om korleis dei har det i barnehagen.
- *Samarbeida med foreldra om førebyggjande tiltak.
- *Styrka barna sin sosiale kompetanse og hjelpa dei i konfliktløsning.



Personal og foreldre - vera på vakt dersom eit barn :

ofte vert utsett for sårande ytringar - gjentekne gongar vert gjort narr av eller audmjuka - vert dominert av andre, og dette er eit mønster
- vert ofte dytta, slått, sparka utan å forsvara seg - har sår eller øydelagde kler utan å kunna forklara kvifor - vert jamnleg utestengde frå gruppeleik - stadig held seg til ein vaksen i utetida - vegrar seg ofte for å koma i barnehagen

TILTAK DERSOM KRENKING ELLER MOBBING OPPSTÅR

Personalet på avdelingane, saman med pedagogisk leiar, har ansvar for å utføra fylgjande tiltak ved krenkingar og mobbing:

I forhold til barna:

- Oppfygingsamtalar med dei involverte barna.
- Vurdera å informera heile barnegruppa (samling).
- Vurdera å oppretta eit sosialt nettverk rundt "offeret" (fadder)
- Ta saka opp i ped.leiar gruppa, ppt besøk og event i tiltaksteamet
- Dei tilsette vert informerte og får beskjed om å observera samspelet mellom barna det gjeld. Gå gjennom observasjonane kvar veke.
- Dei tilsette må utarbeida ein felles strategi for å stoppa krenking og mobbing umiddelbart.

I forhold til foreldra:

- Pedagogisk leiar har ansvar for å informera foreldra når krenkingar og mobbing er konstatert.
- Foreldra til både mobbar og offer skal informeras umiddelbart.
- Ha samtale med dei involverte foreldra kvar for seg eller saman - avhengig av sak. Vurd det i kvart enkelt tilfelle.
- Vert enig med foreldra om tiltak som skal settas inn for å stoppe krenkingar / mobbing. Kva kan foreldra bidra med?

I forhold til barnehagen sitt oppvekstmiljø:

- Barnehagen / avdelingane brukar jamnleg sjekklister som ligg i handlingsplanen for å kontrollera miljøet i barnehagen/avd. Pedagogisk leiar har saman med dei andre tilsette ansvar for å utarbeida og gjennomføra vidare tiltak. Styrar skal haldast orientert.

TILTAKSPLAN DERSOM KRENKINGAR OG MOBBING SKJER:

Det skal skrivas referat fra alle møter.

TILTAK	ANSVAR	GJENNOMFØRT dato og sign
1. Den som observerar krenking/mobbing informerer leiar straks. Ta det opp på næraste avdelingsmøte. Forklar så konkret som muleg kva som har skjedd. Kva har barna/ barnet gjort? Korleis har dei vaksne gjort? Vert enige om tiltak.	Den som observerer krenking / mobbing. Alle	
2. Snakk med barna om det som har skjedd. Be barna koma med forslag til kva som kan gjerast vidare. Konkluder barna sine forslag med dei som har kome frå personalet.	Den tilsette som står barna nærast.	
3. Foreldra til den/dei som vert krenka/ mobba og den/dei som krenkar/ mobbar, vert informert og teke med på råd. (situasjonsavhengig)	Pedagogisk leiar	
4. Evaluer korleis det går etter 1-2 veker. Nye samtalar med barna etter behov.	Den som står barna nærast	
5. Evaluer på avdelingsmøte etter 1-2 veker. Avtal event tiltak vidare	Pedagogisk leiar saman med resten av personalet	
6. Ny informasjon / nye samtalar med foreldra etter behov.	Pedagogisk leiar	
7. Evaluer jamnleg 1 gong pr måned eller oftare inntil saka er løyst	Pedagogisk leiar saman med resten av personalet	

SKRIFTELG PLAN, ETTER § 42 I LOV OM BARNEHAGE

Barnet sitt navn / fødselsår: _____

Møte dato/ år: _____

Hovedmål: Barnet skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø

Tiltak og gjennomføring	Ansvar	Evaluering

Ansvarleg for planen:

Deltakarane i arbeidet:

SJEKKLISTE 1 - BARNEHAGEN SITT OPPVEKSTMILJØ - 2 g pr halvår

Sjekkliste i forhold til vaksne sine forhold til barna:

Spørsmål:	Ja alltid	Ja oftast	Nei sjeldan	Nei aldri
Vert alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlighet? (innadvent/utadvent)				
Får nokre barn stadig positiv oppmerksomhet frå oss vaksne-meir enn andre barn?				
Får nokre barn stadig negativ oppmerksomhet frå oss vaksne-meir enn andre barn?				
Kan ein sjå at det har vorte eit «mønster» i at vi vaksne har lettare for å tru på nokre barn si forklaring på konflikter enn andre i gruppa?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek meir kontakt med - og finne på fleire aktivitetar med , enn andre barn?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek mindre kontakt med - og sjeldan tek initiativ til aktivitetar med?				
Har vi vaksne større tålmodighet med enkelte barn i gruppa enn andre, når det gjeld å fylgja dei opp / hjelpe dei?				
Vert nokre barn raskare avbrotne / avvist av vaksne enn andre, når dei tek kontakt med oss				
Er alle vaksne bevisst på at barn ikkje alltid klarer å skilla spøk / ironi				

SJEKKLISTE 2 - BARNEHAGEN SITT OPPVEKSTMILJØ - 2 gr pr halvår

Sjekkliste angående miljøet i barnehagen:

Spørsmål:	Ja alltid	Ja oftast	Nei sjeldan	Nei aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjennelse, varme og respekt?				
Er samspelet mellom barna prega av likeverdighet og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vera med?				
Er det ein trygg og avslappa tone , prega av humor, oppmuntring og glede				

La sjekkliste 1 og 2 om barnehagen sitt oppvekstmiljø, jamnleg verta eit diskusjonsgrunnlag på avdelingsmøtene, personalmøter m.m.

Er vår barnehage der vi vil den skal vera i forhold til oppvekstmiljøet?

Ansvarsfordeling:

Styrrar:

Årleg gjennomgang og evaluering av handlingsplanen i barnehagen i personalet. At planen til ei kvar tid fylgjer myndighetene sine retningslinjer. Presentera planen for foreldre, FAU og SU.

Pedagogisk leiar:

Ansvar for tema-arbeid om vennskap ,empati, sosial kompetanse på avd / i barnegruppa.

Heile personalet:

Vera tilstades, vera aktive og tydelege vaksne, både inne og ute. Bry seg, ikkje sjå forbi.

Melding om at eit barn eller barnegruppe ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, etter barnehagelova § 41, 42 og 43

Vurder om meldinga skal unntas offentlighetslova §13 og forvaltningslova § 13.1

Styrar og barnehagen har plikt til å undersøkje saka så fort som muleg.

-Meldinga skal vera forsvarleg, og skal ikkje føra til gjengjeld til meldar eller den sitt barn.

-Det må framkoma barnet sitt navn, slik at barnehagen kan undersøkje og innhenta fleire opplysningar, samt å gje tilbakemelding til meldar .

-Undersøkinga skal leggjast i barnet si mappe.

Meldinga gjeld i forhold til _____ barnet sitt navn

Meldar sitt navn, mobilnr _____

Meldar si tilknytning til barnet _____

Dato: _____ meldinga vert varsla via: _____

Meldinga gjeld følgjande forhold:

(eks utestenging, krenkingar, vald, trakassering, mobbing)

Handlar meldinga om andre barn eller tilsette i barnehagen :

Meldinga motteken av: _____ dato: _____

Undersøking i barnehagen	Dato	ansvarleg
Undersøking etter meldinga		
Kva viser undersøkinga barnehagen har gjort:		
Vidare oppfølging / konklusjon etter undersøkinga		
Styrar er varsla		
Tilbakemelding til meldar		
Oppfølging gjennomført / saka avsluttast/ sett inn tiltak (tiltaka skal lagast i eigen plan		

FORSLAG TIL LITTERATUR:

For dei vaksne:

- Barne og familiedepartementet 2002: Mobbing i barnehage
- Kari Lamer: Sosial kompetanse. Teori og håndbok
- Myrna B Shure: JEEP (jeg er en problemløser)
- Berit Bae: Det interessante i det alminnelige
- Reidar Pettersen: Mobbing i barnehagen
- Jesper Juul: Det kompetente barnet
- Jesper Juul: Fra lydighet til ansvarlighet
- Jesper Juul: Videoer
- Kari Pape: Fra ord til handling
- Pål Roland og Ella C Idsøe: Mobbeadfærd i barnehagen

For barna:

- Linda Palm og Lisa Sollenberg: Ti små vennebøker, kosedyr pinnsvin og hare
- Tor Åge Bringsvær: Karsten liker å danse
- Tor Åge Bringsvær: Ruffen- sjøormen som ikke kunne svømme
- Tone Lie Bøttinger: Min store bror apen
- Ann De Bode: Det er alltid meg de skal ta
- Lena Klefeldt: Otto og Joppa
- Mads Wanblad: Lilleving
- Ulf Nilsson: Den lille gutten og løven
- Gunn-Britt Sundstrøm: Gutten i supermanddrakten
- Christian Jersild: Hymir
- Else Færden: Den stygge andungen
- Birgitta Stenberg: Billy og sinte Lotta
- Gunder Andersson: Martins sommer
- Trond Brænne: Petter og månen
- Eva Eriksson: Stures nya jacka
- Gunilla Bergström Albert og udyret
- Gunilla Bergström Hvem kan redde Albert Åberg?
- Egon Mathiesen: Katten med de blå øynene

